

Fem «Haugtussa»-konsertar

28.10.2011



Maria Malmsten framfører songane

**I dag startar "Haugtussa"-turnéen i Kvinnherad med tre dagkonsertar i regi av Den kulturelle spaserstokken, og to kveldskonsertar i samarbeid med lokale arrangørar. Ein av aktørane er Sjur Magnus, som tidlegare var ein aktiv organist og musikkformidlar i Kvinnherad.**

**Dei to andre som er med er kordirigent og kulturskulelærar Maria Malmsten (dirigent mellom anna for Uskedalenkoret Røysterett for alle) og Johanne Ø. Tvedten frå Sunnhordland Museum.**

Den første konserten i "Haugtussa"-turneen i Kvinnherad skal vera på Halsnøytunet i ettermiddag, medan dei tre kulturberarane skal opptre i Dalheim (Omvikdalen) i kveld. Turnéen held fram med konsertar i Ølve Alderspensionat måndag føremiddag og på Rosendalstunet om ettermiddagen. Tysdag kveld skal dei tre opptre i Åkra kyrkje.

Songen og soga om Haugtussa er ei framsyning der forteljinga om den synske jenta blir framført i lag med dei åtte songane som Edvard Grieg har tonesett.

Undervisningsleiar ved Sunnhordland Museum, Johanne Øvstebø Tvedten, står for manus og forteljeframføring. Mezzosopran Maria Malmsten framfører songane, medan pianist Sjur Magnus akkompagnerer med Grieg sin 'Haugtussa'-musikk.

Diktsyklusen på 71 dikt som Garborg skreiv i 1895, er ein nasjonal skatt. Men teksten er vanskeleg tilgjengeleg for folk i dag, og difor har Johanne Øvstebø Tvedten gjort om dikta til munnleg forteljing. I den fem kvarter lange framsyninga får vi høyra heile forteljinga om Veslemøy sitt liv, og om korleis det går henne til slutt.

'Veslemøy', kallar mora henne for. Det er berre dei to no, alle dei andre i familien er anten gått bort eller reist ut for å arbeida. Veslemøy er gjetarjente, og i fjellet blir ho kjend med Jon, den snillaste guten ho har møtt. Dei får ein varm sommar i lag på sætra, men Jonsvik henne for ei rikare jente. I feberdøs ser Veslemøy brurefylgjet dra forbi. Ho er synsk, og den døde søsterha hennar, Lisbet, står framfor henne og gir råd når Veslemøy skal ta avgjerande val i livet.

Men folk ser på henne som ein tulling. Dei kallar henne 'Haugtussa', fordi ho fortel at ho får besøk av haugfolket og huldrekallen. Dei underjordiske vil lokka henne inn i fjellet, og freistar med ein trolldrikk som vil gje henne ein rus som gjev evig gløymsle og fred. Det blir ein hard kamp, men Veslemøy vinn over freistinga. Ho vil ikkje gløyma den snille guten sin!

Av Kristian Hus, HusnesNett